



*Hardanger / Voss kompetanseregion  
Vurderingsgruppa*

# VURDERINGSRAPPORT

## VIKEBYGD SKULE



3. - 6.november 2008



## 1 – Føreord

### **Regionalt samarbeid om vurdering og kvalitetsutvikling**

Med utgangspunkt i Stortingsmelding nr. 28 (1998-99) "Mot rikare mål", vart det sett i gang eit 3-årig nasjonalt prosjekt : "Ekstern deltaking i lokalt vurderingsarbeid". Hordaland søkte, men kom ikkje med i prosjektet.

Likevel var signala der, og kommunane vart oppmoda om å jobba med kvalitetsutvikling og vurdering. Desse signala er forsterka i Kvalitetsutvalet si delinnstilling av 14. juni 2002 "Førsteklasses fra 1. klasse".

Skulesjefane/dei skulefagleg ansvarlege i kommunane i Hardanger/Voss har såleis vedteke å oppretta ei vurderingsgruppe i regionen. Regionen består av mange små kommunar som kvar for seg ikkje maktar å gjennomføra ekstern vurdering. I det regionale samarbeidet er økonomiske og personlege ressursar samla og nytta på tvers av kommunegrensene på ein god og effektiv måte.

Føremålet er at vurderingsgruppa skal vera til hjelp i arbeidet med pedagogisk kvalitetsutvikling i skulen.

- Sikra kvalitetsutvikling
- Erkjenning av at skulen treng, og kjem til å få "auge utanfrå"
- Ekstern hjelp i vurderingsarbeidet
- Oppfylla kravet i Opplæringslova om kommunen sitt ansvar for å sjå til at skulane jamleg vurderer si eiga verksemd

### **Kven er vurderar?**

13 personar i Hardanger/Voss er medlemmer i vurderingsgruppa. Dei har brei og variert pedagogisk bakgrunn, og skal vurdere dei 48 grunnskulane i regionen i løpet av 3 år. 2 frå gruppa (vurderingspar) gjennomfører vurdering på ein skule, og ingen vurderer skular i eigen kommune.

### **Kva gjer vurderarane?**

- Skulen vel eit fokusområde for vurdering, i samråd med skulefagleg ansvarleg i kommunen
- Vurderingsparet førebur sjølve vurderinga gjennom eit fyrste møte med skulen, utarbeiding av kriterium, metodeval og verktøy tilpassa det skulen ynskjer fokus på.
- Sjølve vurderinga vert gjennomført.

### **Rapporten**

Vurderingsparet skriv ein rapport om resultatet av vurderinga. Rapporten trekker fram verksemda sine sterke sider, og kva utfordringar skulen har. Han gjev også informasjon om rammene for vurderinga – tidsbruk, metodeval, verktøy m.m.

Vurderinga tek ikkje mål av seg til å gje eit fullstendig bilete av skulen, men kanskje eit bidrag til kva ein skal arbeida vidare med innan det fokusområde som er vurdert.

Det er ynskje at dei reiskapar og metodar som har vorte nytta, kan overførast til det interne vurderingsarbeidet skulen årleg arbeider med.



## 2 – Fakta om skulen

Vikebygd skule ligg på Nå, på vestsida av Sørfjorden - i Ullensvang herad. Skulen vart teken i bruk i 1962 og på-/ombygd i 1996/97. I haust har skulen teke i bruk eit nytt inneklimaanlegg - til ein kostnad på over 2 millionar kroner. Resultat: Godluft!

Dette skuleåret tel personalet 40 elevar, 4 assistentar, 6 pedagogisk tilsette + rektor. På Vikebygd skule arbeider og reinhaldar og vaktmeister. SFO har 20 barn. Skulen har i alle år vore sterkt engasjert i lokalmiljøet, og har ofte prosjekt retta mot bygda vår.

## 3 – Vurderingstema

Vikebygd skule har bede om vurdering på følgjande tema:

### Vurdering, med fokus på elevvurdering

Ullensvang herad har ynskje om at alle skulane i heradet skal verta vurdert på "Elevvurdering". Dette er grunnen til at Vikebygd skule har elevvurdering som satsingsområde denne hausten.

## 4 – Kriterium / Kvalitetskrav

*Kriterium tyder her krav til kjenneteikn på god kvalitet. Dei fastsette kriterium er henta frå lov, regelverk, læreplanverk og skulen sine egne planar.*

*Når vurderingsparet gjennomfører ei vurdering, vert kriterium samanlikna med den informasjon som er samla om temaet gjennom intervju og observasjon på skulen, i tillegg til dei dokument som skulen har lagt fram.*

*Kriterium i denne rapporten er utforma av vurderingsparet, og godkjende av skulen.*

## Glansbilete Vikebygd skule

### Tema: Vurdering, med fokus på elevvurdering

Kriterium	Teikn på god praksis
Skulen har eit system som kvalitetssikrar elevvurdering og legg til rette for at elevvurdering er i stadig utvikling.	<ul style="list-style-type: none"><li>- skulen vurderer jamleg sin eigen vurderingspraksis</li><li>- skulen har system for elev- fag og utviklingssamtalar der vurdering er eit tema</li><li>- kompetansemåla i læreplanen er konkretiserte i læringsmål</li><li>- skulen dokumenterer elevane sin faglege ståstad</li><li>- skulen har utvikla vurderingskriterium for kvart fag og årssteg</li><li>- leiinga legg til rette for at lærarane får samarbeida om mål og kjenneteikn for å utvikla eit tolkingsfellesskap kring vurdering</li></ul>



Kriterium	Teikn på god praksis
	<ul style="list-style-type: none"><li>- lærarane drøftar metodar for å trenar elevane i systematisk eigenvurdering</li><li>- opplæring og utprøving av ulike metodar for vurdering vert gjennomført og erfaringar delt i personalgruppa</li><li>- rektor og personale har ei felles forståing for tidsbruk og organisering av vurderingsarbeidet.</li><li>- personalet er opne for endringar</li><li>- lærarane er godt kjende med korleis kollegaene vurderer elevane sine</li><li>- personalet er kjend med vurderingsforskrifta og har god kompetanse på elevvurdering</li><li>- skulen samarbeider med andre skular om elevvurdering</li></ul>
Lærarane gir elevane faglege og relevante tilbakemeldingar som fremjar læring, utviklar eleven sin kompetanse og gir grunnlag for tilpassa læring	<ul style="list-style-type: none"><li>- lærarane gir tilbakemeldingar om kvar elevane står i høve kompetansemåla</li><li>- tilbakemeldinga gir elevane råd om korleis dei kan heva kompetansen sin</li><li>- vurdering er tema i ulike typar elevsamtalar</li><li>- lærarane dokumenterer den einskilde elev si faglege utvikling</li></ul>
Elevane er involverte i vurderinga av eige arbeid	<ul style="list-style-type: none"><li>- elevane er motiverte for læring og skularbeid</li><li>- elevane kjenner og har fokus på læringsmåla</li><li>- elevane veit kva dei må gjere for å nå læringsmåla</li><li>- det er rom for respons frå elevane i læraren sin tilbakemelding / vurdering</li><li>- elevane opplever elevsamtalen, fagsamtalen og utviklingssamtalen som nyttig i høve til å få tilbakemelding på kva dei faktisk kan og kva dei må gjera for å utvikle seg vidare</li><li>- elevane opplever rettvis vurdering</li></ul>
Dei føresette er kjende med skulen sin vurderingskultur og får informasjon om korleis eleven ligg an i høve læringsmåla	<ul style="list-style-type: none"><li>- dei føresette opplever utviklingssamtalen som nyttig</li><li>- dei føresette opplever god dialog om barnet si utvikling og korleis dei lærer</li><li>- dei føresette veit kva barnet kan i høve til måla i kunnskapsløftet og kva barnet skal gjera får å kome vidare.</li></ul>



## 5 – Deltakarar i vurderinga

- Interne: Tilsette, elevar og foreldre på Vikebygd skule
- Eksterne: Anne Karin Flatlandsmo og Sten Tore Svennes

Grunngjeving for val av informantar: Me har valt å snakke med alle elevane, alle tilsette og alle foreldre som hadde høve til å kome på foreldremøtet. Årsaka til at me valte dette er at skulen og miljøet er lite og ope.

## 6 – Tidsbruk

Det er avsett 1 veke til å vurdera ein skule. Dette inneber i hovudsak ein startdag der vurderingsparet møter skulen for fyrste gong for avklaringar og planlegging. Under sjølve vurderinga, er vurderingsparet på skulen i inntil 3 dagar. Skulen får rapporten umiddelbart etter vurderingsdagane. I forkant og undervegs førebur vurderingsparet informasjon, metodar, verktøy og driv informasjonsbearbeiding og oppsummeringar. Å gjennomføra ei kvalitetsvurdering på 3 dagar er knapp tid, og inneber ei avgrensing av vurderinga.

### Måndag 3.11.

Tidspunkt	Kven	Kvar	Kva
07.30-08.00	Pedagogisk tilsette	SalXtra	Presisering "glansbiletet", orientering.
08.15 – 09.00	1. trinn og vurderarane 2. trinn og lærar	Kl. r. 4 kl. r. 2	Samtale/intervju "stasjon"
09.00 – 09.45	2. trinn og vurderarane 1. trinn og lærar	Kl.r. 4 kl.r. 2	Samtale/intervju "stasjon"
09.45 – 10.00	Vurderarar	Ute	Observasjon friminutt
10.00 – 10.45	Rektor og vurderarar	Kontor	Samtale
11.20 – 12.05	3. trinn og vurderarar 4. trinn og lærar	Kl.r. 3 kl.r. 2	Samtale/intervju "fag"
12.05 – 12.50	4. trinn og vurderarar 3. trinn og lærar	Kl.r. 3 kl. r. 2	Samtale/intervju "fag"
13.15 – 14.00	Linn, Ragnhild, Gjøa og vurderarar	SalXtra	Samtale
19.00 – 20.00	Foreldra/føresette og vurderarar	Gymnastikksal	Allmøte

### Tysdag 4.11.

Tidspunkt	Kven	Kvar	Kva
08.15 – 09.00	1. og 2. trinn, lærar og vurderarar	Kl.r. 4	Observasjon
09.00 – 09.45	5.-7. trinn, lærarar og vurderarar	Kl.r. 1 6.-7. trinn - Bodil Kl.r. 2 – 5. trinn - Per	Observasjon



09.45-10.00	Vurderarar	Ute	Observasjon
10.00-10.45	5. trinn og vurderarar	Kl. r. 2	Samtale/intervju
11.20 – 12.05	3. og 4. trinn, lærar og vurderarar	Kl.r. 3	Observasjon
12.05 – 12.50	6. trinn og vurderarar	Kl.r. 2	Samtale/intervju
13.00 – 13.45	7. trinn og vurderarar	Kl.r. 2	Samtale/intervju
14.00 – 14.45	Per, Bodil, Ingvild og vurderarar	SalXtra	Samtale
15.00 – 15.30	Rektor og vurderarar	Kontor	Samtale/orientering

### **Onsdag 5.11.**

Tidspunkt	Kven	Kvar	Kva
(08.15 – 08.50	Elevane og Bodil	Hallen	Samlingsstund)
13.30 - 14.00	Rektor og vurderarar	Kontor	Samtale

### **Torsdag 6.11.**

12.00 – 13.00	Rektor og vurderarar	Kontor	Framlegging av rapport
14.00 -	Pedagogisk tilsette, rektor, representant for skuleeigar og vurderarar	SalXtra	Framlegging av rapport

## **7 – Metodar**

*For å sikra god forankring og at alle røster vert høyrde, hentar vurderarane inn data frå fleire andre kjelder (kjeldetriangulering). Informantane er det vurderarane som plukkar ut, for eksempel ved å ønska å møta alle klassekontaktar, elev nr 5, 8, 14, 20 og 25 frå klasselista, 3 faglærarar i praktisk-estetiske fag, 3 kontaktlærarar på trinn 7, hele elevrådet osv.*

*For å styrka kvaliteten på dei data me finn, nyttar me ulike metodar for datainnsamling (metodeetriangulering). Gjennom eit breitt spekter av metodar tek vurderarane temperaturen på den pedagogiske praksisen til skulen, og på korleis skulen fungerer som organisasjon.*

*Tema og tid til rådvelde verkar inn på val av metode. I prosessen på denne skulen er følgjande metodar nytta:*

### Dokument- og resultatanalyse

Skulen sendte vurderarane diverse relevante dokument som er brukt som grunnlag i vurderinga:

- verksemdsplan
- arbeidsplanar
- resultat av elevundersøkinga (2007/2008)
- kommunal plan for kartlegging av eleven sitt utbytte av opplæringa i basisfaga i Ullensvang herad
- framlegg til vurdering Vikebygd skule 08/09
- bakgrunnsmateriale i høve til elevsamtale
- visjonsplan 2006 – 2009
- organisering av skuledagen
- arbeidsplan/tidsplan for året
- oversikt gjennomføring av vurdering ved Vikebygd skule.
- "Vurdering for læring" av Engh, Dobson og Høihilder (2007)  
(alle tilsette har lest og sett seg inn i denne)



### Kriterium og teikn på god praksis

Vurderingsparet utarbeidde forslag til eit glansbilete med kriterium og teikn på god praksis; dette med utgangspunkt i L-06, Opplæringslova med forskrift og skulen sine planar. Framlegg til kriterium med teikn på god praksis vart drøfta på skulen. Skulen godkjende desse med små endringar.

### Påstandsskjema

Vurderarane fann det ikkje naturleg å bruka denne metoden i denne samanhengen.

### Samtaleguidar

Med utgangspunkt i teikn for god praksis i glansbiletet utarbeidde vurderarane ulike guidar til hjelp for samtalar med høvesvis elevgrupper, foreldre og pedagogar.

### Møte med føresette

Ein føresetnad for god skuleutvikling er god dialog mellom heim og skule. Føresette må få høve til å involvera og engasjera seg. I løpet av denne vurderinga har me hatt møte der alle føresette vart inviterte. 14 føresette kom på møtet.

### Møte med rektor

Rektor har ei nøkkelrolle i utviklingsarbeidet som skulen skal ta tak i når konklusjonane i rapporten ligg føre. Ein god dialog med rektor dannar grunnlag for gjensidig forståing av skulen sin nosituasjon og for det vidare arbeidet.

### Observasjon

Me observerte på alle stega og i friminutta.



## 8 – Skulen sine sterke sider innan vurderingsområdet

**Kriterium: Skulen har eit system som kvalitetssikrar elevvurdering og legg til rette for at elevvurdering er i stadig utvikling.**

Skulen har system for elev- fag og utviklingssamtalar der vurdering er eit tema og kompetansemåla i læreplanen er konkretiserte i læringsmål

Skulen er inne i sitt tredje år med systematiske elevsamtalar der det vert fokusert på tilbakemelding frå lærar, eigenvurdering av eleven og framovermelding frå lærar. Skulen gjennomfører elevsamtale kvar tredje veke for alle elevane, det vil seie at elevane får 8-10 elevsamtalar med kontaktlæraren i løpet av skuleåret. Foreldra får eit referat frå elevsamtalane sendt heim til seg i etterkant av møtet. Både elevar, foreldre og det pedagogiske personalet er svært godt nøgde med desse samtalanene. Vikebygd skule har laga eit system som er godt innarbeidd i høve til elevvurdering gjennom denne vurderingsforma.

Kommunen er no i gang med å utarbeida felles skriftleg mal for mellom anna innhaldet i elevsamtalen. Der står undervegsvurdering, vurdering i dei ulike faga og samtale om anna utvikling sentralt. Den skriftlege dokumentasjonen til foreldra som stadfestar det faglege nivået er like viktig. I tillegg tenkjer ein at elevane skal delta i vurderinga av sitt eige arbeid.

Skulen dokumenterer elevane sin faglege ståstad og skulen har utvikla vurderingskriterium for kvart fag og årssteg

Skulen dokumenterer elevane sin fagleg ståstad gjennom elevsamtalen og "fredagsprøven" som alle elevane har ein gong i veka. I tillegg bruker alle klassane målark der elevane krysser av kva dei kan i høve til mål og kva dei skal ha vore gjennom på målarket.

Vurderingsgruppa har ikkje analysert nærare om måla i målarket til skulen er i samsvar med måla i Kunnskapsløftet for dei ulike faga, sjølv om det kan sjå slik ut, då målarket tek utgangspunkt i halvårsplanane lærarane har utarbeidd i dei ulike faga. Kompetansemåla er og lagt inn i desse halvårsplanane. Ein kan trygt seie at Vikebygd skule etterlever §3-4 og 4-5 i Opplæringslova der krava til dokumentasjon kring vurdering kjem fram.

Rektor og personale har ei felles forståing for tidsbruk og organisering av vurderingsarbeidet.

Rektor og det pedagogiske personalet har ei klar felles forståing av tidsbruken for vurderingsarbeidet. Rektor er positiv til å leggja til rette for den tida dei tilsette treng til å arbeide med vurderingsarbeidet.



### Personalet er opne for endringar

Sjølv om personalet gjev uttrykk for at det har vorte vel mange krav til endringar i skulen i det siste, er dei klare for å stå på om dei trur at endringa er nyttig for elevane. Dei verkar klare til å gjera det nødvendige endringsarbeidet som må til for at skulen skal verta god på elevvurdering. Rektor er tydeleg på at elevvurdering ville vorte eit tema for skulen sjølv om dei er pålagde av kommunen å fokusere på temaet no.

### Lærarane er godt kjende med korleis kollegaene vurderer elevane sine

Skulen er liten, og det er lett for lærarane å få innsyn i korleis kollegaene jobbar. Ved at det er felles gjennomføring av elevsamtale, ein har målark og prøve ein gong i veka, får også lærarane ein felles ståstad og praksis som gjer at det vert lettare å få oversikt.

### Personalet har god kompetanse på elevvurdering og samarbeider med andre skular om elevvurdering

Det pedagogiske personalet har delteke i nettverk med to andre skular i heradet der dei i fellesskap har arbeidd med boka "Vurdering for læring" av Engh, Dobson og Høihilde (2007). Personalet gjev uttrykk for at dette arbeidet har hjulpet dei til betre refleksjon kring temaet. Vidare gjev rektor og personalet litt ulike signal på om dei har delteke på kursing kring temaet.

## **Kriterium: Lærarane gir elevane faglege og relevante tilbakemeldingar som fremjar læring, utviklar eleven sin kompetanse og gir grunnlag for tilpassa læring**

### Lærarane gir tilbakemeldingar om kvar elevane står i høve kompetansemåla, og dei gir elevane råd om korleis dei kan heva kompetansen sin. Vurdering er tema i ulike typar elevsamtalar

Elevane frå 4. til 7. steget får tilbakemelding på kva dei kan i høve til kompetansemåla ved at det i vekeplanen kjem fram konkrete mål for perioden som vert ettertesta på fredagsprøven. Vi har ikkje vurdert om denne testforma er vurdering for læring, men det kan vera bra om ein spør seg sjølv om eleven etter ein slik test blir klarare på kva han kan og korleis han må jobbe for å nå måla.

Elevane frå 5. steget og oppover gjev uttrykk for at det i elevsamtalen vert gjeve råd frå læraren på korleis dei kan heva kompetansen sin. Dette vert også stadfesta i samtale lærarane.

Både i elevsamtalen og på foreldresamtalen vert hovudfokuset sett på vurdering av eleven i høve til fag, læringsmål og framovermelding.



## **Kriterium: Elevane er involverte i vurderinga av eige arbeid**

### Elevane er motiverte for læring og skularbeid

Ein får eit klart inntrykk av at det er god motivasjon for læring og skularbeid på Vikebygd skule. Her kan det synast som om fokuset på elevvurdering gjennom hyppige elevsamtalar har ei positiv effekt. Elevane gjev god tilbakemelding på at dei synest det er fint at foreldra er med på møte med læraraen saman med dei. Dei seier at lærar syner foreldra kva dei har jobba med og kva dei likar best.

### Elevane kjenner og har fokus på læringsmåla

Ved at det på vekeplanen for alle klassane kjem fram læringsmål, vert elevane medvitne på læringsmål. Særleg gav elevane frå 5. steget og oppover uttrykk for at dei kjente læringsmåla og visste kva det var. Lærarane gav uttrykk for at Kunnskapsløftet har meir fokus på læringsmål enn tidlegare læreplanar, derfor må ein berre jobbe vidare med dette for å få det inn i ein tydeleg undervisningssamanheng. Rektor er og tydeleg på dette og har eit system for at lærarane jamleg kan oppdatere målarka.

### Elevane opplever elevsamtalen, fagsamtalen og utviklingssamtalen som nyttig i høve til å få tilbakemelding på kva dei faktisk kan og kva dei må gjera for å utvikle seg vidare

Gjennom samtale med elevane kjem det tydeleg fram at elevsamtale og foreldresamtale er nyttig for å få tilbakemelding på kva ein faktisk kan og kva ein kan gjera for å bli betre.

### Elevane opplever rettviss vurdering

Elevane erfarer at alle elevane får like mykje vurdering uavhengig av kor flinke eller aktive dei er. Vidare erfarer dei at lærarane vurderer noko lunde likt.

## **Kriterium: Dei føresette er kjende med skulen sin vurderingskultur og får informasjon om korleis eleven ligg an i høve læringsmåla**

### Dei føresette opplever utviklingssamtalen som nyttig

Foreldra gjev eintydig tilbakemelding på at foreldresamtalen er nyttig og er svært nøgde med at elevane får vera med på møtet. Dei stadfestar dette på denne måten: "Elevane får høyra at lærar og foreldre er samde."

### Dei føresette opplever god dialog om barnet si utvikling og korleis dei lærer

Foreldra er positive til skulen, og dialogen kring barnet si utvikling i høve til læringsmåla er viktig. Foreldra er nøgde med at dei kan fylgja med på læringsmåla slik når ungane jobbar med skularbeid heime. Dei gjev uttrykk for at dei får god informasjon på foreldresamtalen, samt at det er god tone mellom lærarar og foreldre. Det er alltid rom for gjensidig utveksling av informasjon.



## 9 – Skulen sine utviklingsområde innan vurderingsområdet

### **Kriterium: Skulen har eit system som kvalitetssikrar elevvurdering og legg til rette for at elevvurdering er i stadig utvikling**

#### Skulen vurderer jamleg sin eigen vurderingspraksis

Samtalane me hadde med personalgruppa gav uttrykk for at det var sett av lite tid til vurdering av skulen sin vurderingspraksis. Ein kunne og sjå at lærarane satt med ulike oppfatningar kring elevvurdering og omgrepa knytt til dette. Det er viktig at personalet har ei felles forståing av desse omgrepa:

- vurderingskultur
- vurderingssystem
- kriterier for ulike nivå og kjenneteikn for måloppnåing
- tolkingsfellesskap
- elevmedverknad, eigenvurdering
- vurderingsformer
- kompetansemål
- dokumentasjon, undervegsvurdering og sluttvurdering
- framovermelding
- reflektert læring

Skulen bør ha ein avklaring på om dei skal bruke tid på desse omgrepa og kor mykje tid som skal setjast av til dette.

#### Skulen dokumenterer elevane sin faglege ståstad og skulen har utvikla vurderingskriterium for kvart fag og årssteg

Gjennom elevsamtalar, foreldresamtalar, målark og prøving i etterkant av elevsamtalar dokumenterer skulen elevane sin faglege ståstad. Ein kan sjå at skulen fortsatt har ein veg å gå i høve til å utvikla vurderingskriterium for kvart fag og årsteg. Dette kom også fram i diskusjonen med foreldra som etterlyste tydelegare tilbakemelding på kva nivå eleven står i høve til læringsmåla. Er eleven på lågt eller høgt nivå for måloppnåing? Rektor stadfestar og at det ikkje er blitt utarbeidd klart definerte kriterium for høg og låg måloppnåing i fag ennå. Det er også høve for andre inndelingar i nivå.

Burde skulen ta ein grundig vurdering av om ein bør utarbeida slike kriterium for måloppnåing med fokus på kva elevane faktisk meistrar på dei ulike nivåa? Hadde dette vore ein nyttig reiskap for elevane i deira fagutvikling?

Her kan ein få ein rekke tips frå UDIR sitt hefte "Vurdering- et felles løft for bedre vurderingspraksis – en veiledning" (2007) som har døme på inndeling i ulike nivå. Det er fleire prosjekt knytta til dette gjennom UDIR. Osterøy, Modalen og Lindås kommune med prosjektet "Elevvurdering – dokumentasjon av læring og utvikling" (prosjekt 842/2007) fortel mykje om korleis utvikle ein betre vurderingspraksis.



### Lærarane er godt kjende med korleis kollegaene vurderer elevane sine og leiinga legg til rette for at lærarane får samarbeida om mål og kjenneteikn for å utvikla eit tolkingsfellesskap kring vurdering

Skulen jobbar lite i team i høve til elevvurdering. Samtidig har skulen ei utfordring kring organisering av lærarar i team fordi skulen er så liten. Læraren er ofte aleine med klassen sin, noko som også lærarane stadfester i samtalane. Her kom det fram at lærarane la vekt på dei uformelle samtalane seg i mellom. Det er pr. dato ikkje sett av noko tid til dialog kring elevvurdering på system- eller individnivå.

Ut i frå boka "Vurdering for læring" som alle i personalgruppa skal ha lese og jobba i nettverksgruppe om, er det viktig at einkvar skule utviklar eit tolkingsfellesskap kring elevvurdering. Føresetnaden for å kunne utvikla ein god vurderingskultur er i fylgje denne boka ( s. 70) at:

*-lærere må tro på data om prestasjoner og at de kan brukes konstruktivt i form av tilbakemelding til elever*

*-lærerne må ha lyst til å eksperimentere med nye former for vurdering som motiverer dem til å jobbe tettere sammen*

*-det må være åpenhet slik at lærerne er villige til å slippe til andre lærere, kanskje til og med fra andre skoler*

*- et tettere bånd mellom pedagogisk teori og vurdering må utvikles slik at lærere kan forsvare faglig hvorfor de har valgt en bestemt vurderingsform*

Vikebygd skule er godt i gang med dette, og personalet jobbar framleis med boka for å tileigne seg pedagogisk teori gjennom arbeid i nettverksgruppa. Elles kan ein også nemna at det er kome mykje litteratur kring elevvurdering; som mellom anna "Elevvurdering – kontroll eller læring" (Helle) - 2000, "Vurdering og læring i en elevaktiv skole " (Dale og Wærnes) – 2007 og "Læringsretta vurdering" (Helle) - 2007.

### Personalet har god kompetanse på elevvurdering

Utover arbeidet i nettverksgruppa og enkelte småkurs, er det ingen med formell kompetanse kring elevvurdering i personalgruppa. Kanskje ein skulle ha utarbeidd ein plan for kompetanseheving kring dette arbeidet? Lærarane gjev også uttrykk for kompetansebehov kring elevvurdering.

Gjennom samtalar med både elevar og lærarar kom det fram at lærarane brukte smilefjes og blommar som tilbakemelding til elevane på arbeid dei har gjort. Dette vart brukt på alle stega. Det kom og frå lærarar at det er viktig med eit positivt fokus og gje ros på tilbakemeldinga til elevane. Er bruken av smilefjes og blommar rett i høve til Kunnskapsløftet og vurderingsforskrifta som pr i dag er gjeldande? Finst det andre positive måtar å gi tilbakemelding på? Foreldra uttalar at dei gjerne kunne tenkt seg meir utfyllande kommentarar som gjer det lettare for dei å fylgje opp ungane heime.



### Lærarane drøftar metodar for å trenar elevane i systematisk eigenvurdering og det er rom for respons frå elevane i læraren sin tilbakemelding / vurdering

Me opplevde gjennom obeservasjonen i klassane at ein kanskje med fordel kunne ha latt elevane reflektert meir over si eiga læring gjennom fleire aktive og medvitne spørsmål frå lærarane. Dette fekk me også stadfesta gjennom samtale med elevane. Her spør det om Vikebygd skule må sjå nærare på opplæringslovas §3-1 og 4-1 der det skal leggas til rette for at eleven kan gjera gode eigenvurderingar.

Skulen har utvikla skjema der elevane kan krysse av i kor stor grad dei har nådd læringsmåla for veka. Dette er bra, men bør ikkje elevane etter kvart som dei vert eldre kunne utfordras til grundigare skriftleg refleksjon over si eiga læring?

Elevane uttrykkjer gjennom samtale at dei sjeldan responderer skriftleg på læraren sin tilbakemelding.

Skulen har teke i bruk ItsLearning som digital læringsplattform. Dette er eit verkty som er lagt godt til rette i høve til eigenvurdering for elevane og som kanskje kan vera nyttig for Vikebygd skule å vidareutvikla.

### **Kriterium: Lærarane gir elevane faglege og relevante tilbakemeldingar som fremjar læring, utviklar eleven sin kompetanse og gir grunnlag for tilpassa læring**

#### Kompetansemåla i læreplanen er konkretiserte i læringsmål, og lærarane gir tilbakemeldingar om kvar elevane står i høve kompetansemåla

Skulen er godt i gang med å bryta ned læringsmåla. Dette er synleggjort i målark og i vekeplanar. Men framleis ser det ut til at skulen har ein veg å gå. Elevane uttrykker i samtalane at dei ikkje alltid er sikre på kva som ligg i omgrepet læringsmål. Ein ser også ut frå arbeidsplanane at læringsmåla kan brytas ned endå meir. Dei yngste elevane ser ut til å fokusere meir på gjering enn på læring. (jfr. observasjon i klasseromma)

Lærarane har ikkje utarbeidd vurderingskriterier for måloppnåing på ulike nivå. Dette gjer det vanskelegare å gje elevane konkrete tilbakemeldingar i høve til det nivået eleven faktisk står på i dei ulike faga. Utdanningsdirektoratet har i fleira rundar peika på at det er viktig at skulane utarbeider lokale kjenneteikn på måloppnåing alle faga. Døme på dette kan ein mellom anna finne i heftet "Bedre vurderingspraksis – utprøving av kjennetegn på måloppnåelse i fag – en veiledning".

### **Kriterium: Elevane er involverte i vurderinga av eige arbeid**

#### Elevane kjenner og har fokus på læringsmåla og veit kva dei må gjere for å nå desse

Samtalar syner at jo eldre elevane vert, jo meir veit elevane kva som er læringsmålet. Utfordringa vert å gjera dei yngre elevane medvitne på dette i tillegg til at dei eldre elevane brukar desse måla meir aktivt i si eiga læring.



Ut frå elevundersøkinga kan ein sjå at det ikkje er heilt eintydig at elevane forstår kva dei skal gjera for å verta betre i faga. Dette vert også stadfeste i samtalar med elevane.

**Kriterium: Dei føresette er kjende med skulen sin vurderingskultur og får informasjon om korleis eleven ligg an i høve læringsmåla**

Dei føresette veit kva barnet kan i høve til måla i Kunnskapsløftet og kva barnet skal gjera får å kome vidare

Gjennom samtalar med foreldra kunne det verke som om foreldra har vore lite involverte i prosessen kring skulen si satsing på elevvurdering. Dei kjenner godt til elevsamtalen, men veit ikkje nok om korleis skulen jobbar kring måla i Kunnskapsløftet og kva barnet skal gjera for å koma vidare i si utvikling. Foreldra gjev også uttrykk for at dei kjenner lite til kvifor skulen satsar på elevvurdering.



## 10 – Vidare arbeid

### **Oppfølging og vidare arbeid for elevvurdering etter ekstern skulevurdering 3.-6. november 2008.**

*Atterhald: Dette er skrive utan at eg er kjend med innhaldet i rapporten.*

Måndag 10. november - lærarmøte: Gjennomgang rapporten  
Oppsummering, refleksjon og korleis ta tak i kva?

#### **Vidare arbeid:**

##### Arbeid med rapporten:

- klargjera problemstillingar, utfordringar og kvifor
- gjerne evt. utvida perspektiv
- formulera mål og delmål
- utarbeida ein handlingsplan

##### Informasjon:

- heradet – rapporten til politisk handsaming
- foreldre – rapporten lagt ut på heimesida Vikebygd skule (planar) + handlingsplanen for korleis me vil arbeida for å nå målsetjingane rapporten set fram.
- presentasjon/vurdering av rapporten + samråding kring tiltak kan og verta tema på eit foreldrerådsmøte  
(Skal ha foreldrerådsmøte 24.11. – men på det møtet er det truleg korkje plass eller høve til presentasjon.)

Vikebygd skule 5.11.08  
Kåre Grønsnes.

*6 månader etter at skulevurderinga finn stad, vil rektor rapportera attende til skulesjef/skulefagleg ansvarleg korleis skulen har arbeidd med utviklingsområda sine. Det politiske fagutvalet vil få ei orientering.*

Nå, 6.november 2008

Anne Karin Flatlandsmo

Sten Tore Svenes



## Vedlegg 1

### SAMTALEGUIDE ELEVAR

Lærarane gir elevane faglege og relevante tilbakemeldingar som fremjar læring, utviklar eleven sin kompetanse og gir grunnlag for tilpassa læring	<ul style="list-style-type: none"><li>• korleis veit du når du har fått lært noko?</li><li>• korleis gjev læraren deg tilbakemelding på det du gjer?</li><li>• korleis gjev læraren deg råd om kva du kan gjera for å bli betre?</li><li>• kor ofte har du samtale aleina med lærar?</li><li>• fortel læraren korleis du klarer deg i dei ulike faga på skulen når du har elevsamtale? Fortel litt om dette.</li></ul>
Elevane er involverte i vurderinga av eige arbeid	<ul style="list-style-type: none"><li>• kva er læringsmål?</li><li>• korleis likar du å læra og å jobbe med skularbeidet?</li><li>• korleis veit du på førehand kva du skal lære i timane?</li><li>• korleis får du høve til å gje respons / tilbakemelding til lærar på kva og korleis du har gjort skularbeidet?</li><li>• korleis opplever du elevsamtalen for det du skal læra?</li><li>• korleis opplever du foreldresamtalen for det du skal læra?</li><li>• forstår du tilbakemeldinga læraren gjev?</li><li>• Får alle elevane like mykje tilbakemelding på arbeidet sitt frå lærar? Fortel om dette.</li></ul>
Dei føresette er kjende med skulen sin vurderingskultur og får informasjon om korleis eleven ligg an i høve læringsmåla	<ul style="list-style-type: none"><li>• kva fortel du heime om det du lærer på skulen?</li><li>• kor oppteke er foreldra dykkar av læringsmåla på arbeidsplanen?</li></ul>
Vikebygd skule er ein god stad å vere og å lære	<ul style="list-style-type: none"><li>• Kva er det beste med Vikebygd skule?</li></ul>



## Vedlegg 2

### SAMTALEGUIDE FORELDRE

Dei føresette er kjende med <b>skulen sin vurderingskultur</b> og får informasjon om korleis eleven ligg an i høve <b>læringsmåla</b>	<ul style="list-style-type: none"><li>- kva veit de om <b>korleis</b> og <b>kvifor</b> skulen jobbar med <b>elevvurdering</b>?</li><li>- korleis opplever du foreldresamtalen?</li><li>- korleis opplever du dialogen med barnet ditt kring det ho/han lærer i dei ulike faga på skulen?</li><li>- korleis veit du kvar barnet ditt ligg i høve til kunnskapsmåla og kva ho/han skal gjera for å koma seg vidare?</li></ul>
Lærarane gir elevane <b>faglege og relevante tilbakemeldingar</b> som fremjar læring, utviklar eleven sin kompetanse og gir grunnlag for tilpassa læring	<ul style="list-style-type: none"><li>- kva synest du læraren si skriftlege tilbakemelding til eleven fortel deg?</li><li>- kva synest du om råda læraren gjev på korleis eleven skal heva kompetansen sin?</li><li>- korleis får vurderinga av eleven konsekvensar for eleven si tilpassa opplæring?</li></ul>
Vikebygd skule er ein god stad å vere og å lære	Kva er det beste med Vikebygd skule? Er det ting som evt. kan verta betre?



### Vedlegg 3

#### SAMTALEGUIDE TILSETTE OG LEIAR

<p>Skulen har eit system som kvalitetssikrar elevvurdering og legg til rette for at elevvurdering er i stadig utvikling.</p>	<ul style="list-style-type: none"><li>• Korleis sikrar de at alle i personalgruppa tenkjer likt kring elevvurdering?</li><li>• Kor ofte er elevvurdering tema på møter i personalgruppa?</li><li>• Korleis bør kunnskapsmåla konkretiserast for å kunne brukast i vurderingssamanheng?</li><li>• Korleis dokumenterer skulen dei ulike elevane sin faglege og sosiale ståstad?</li><li>• Kva kriterium vurderer de elevane opp i mot?</li><li>• Har skulen utvikla vurderingskriterium for kvart fag og årssteg?</li><li>• Korleis er det med "delekulturen" på Vikebygd skule? Blir det diskutert korleis ein vurderer elevane sine?</li><li>• Kva tenkjer de om at det kjem inn endringar i skulen som krev stor omstilling av den enkelte?</li><li>• Har rektor og personalgruppa felles forståing for tidsbruken i høve til vurderingsarbeidet?</li><li>• Korleis har de som tilsette fått kompetanse på elevvurdering?</li><li>• I kor stort omfang samarbeider de med dei andre skulane i regionen om elevvurdering?</li></ul>
<p>Lærarane gir elevane faglege og relevante tilbakemeldingar som fremjar læring, utviklar eleven sin kompetanse og gir grunnlag for tilpassa opplæring.</p>	<ul style="list-style-type: none"><li>• Korleis gir de elevane tilbakemelding på skriftleg arbeid?</li><li>• Kor stor plass gir de elevvurdering i elevsamtalen?</li><li>• Foreldrekonferansen?</li><li>• Korleis dokumenterer de eleven sin faglege utvikling?</li></ul>
<p>Elevane er involverte i vurderinga av eige arbeid</p>	<ul style="list-style-type: none"><li>• Korleis lærer de elevane til sjølv å vurdere sitt eige arbeid?</li><li>• Korleis forventar de at elevane mottar ei tilbakemelding på eige arbeid?</li><li>• Korleis viser de elevane at det er samanheng mellom kunnskapsmåla på arbeidsplanen og vurderinga dei får?</li><li>• Kva gjer de for at elevane skal oppleve at ei tilbakemelding er rettviss?</li></ul>
<p>Dei føresette er kjende med skulen sin vurderingskultur og får</p>	<ul style="list-style-type: none"><li>• korleis får dei føresette informasjon om elevvurderinga på skulen?</li><li>• korleis får føresette tilbakemelding på korleis</li></ul>



informasjon om korleis eleven ligg an i høve læringsmåla	<p>eleven ligg an i høve til læringsmåla?</p> <ul style="list-style-type: none"><li>• korleis erfarer du dialogen med føresette kring elevvurdering?</li><li>• kor ofte har du samtalar med føresette kring einskildeleven?</li></ul>
Vikebygd skule er ein god stad å vere, ein god stad å undervise	<ul style="list-style-type: none"><li>• Kva er det beste med å vere tilsett på Vikebygd skule?</li></ul>